



13. Workshop: Kuratering av forskingsdata

Fredag 14. juni 12:45-14:15

Lars Figenschou - UiT Noregs arktiske Universitet

Philipp Conzett - UiT Noregs arktiske Universitet

Stein Høydalsvik - UiT Noregs arktiske Universitet

Abdurhman Kelil Ali - UiT Noregs arktiske Universitet

Lengd 90 minutt

Tal på deltakarar Maks. 30

Støttetenester for forskingsdatahandtering har dei siste åra peikt seg ut som ein sentral del av oppgaveporteføljen til UH-bibliotek. På vegkartet sitt for open vitenskap tilrår LIBER europeiske UH-bibliotek mellom anna å utvikla kompetanse på handtering av forskingsdata og å utvikla arkivtenester og andre verktøy som hjelper forskarar på institusjonen med å handtera forskingsdataa sine etter FAIR-prinsippa gjennom heile prosjektperioden (Ayrís mfl. 2018). Samtidig ser vi at terskelen for å koma i gang med eit slikt støttetilbod kan vera høg. På UiT Noregs arktiske universitet har vi over fire års erfaring frå utvikling og drift av støttetenester for forskingsdatahandtering (Conzett og Østvand 2018). I denne workshopen ønskjer vi å gje ei praktisk innføring i korleis UH-bibliotek gjennom kuratering kan støtta forskarar på institusjonen sin med publisering av forskingsdata. Fokuset vil liggja på opne forskingsdata. Målsetjing Med utgangspunkt i arkivtenesta DataverseNO (<https://info.dataverse.no>) vil workshopdeltakarane få ei praktisk innføring i korleis ein kuraterer forskingsdata etter beste-praksis-tilrådingar. Etter ein kort presentasjon og med hjelp av presentatørane skal delatakarane få øvd seg på autentiske eksempel. Workshopen vil gjera deltakarane i stand til å koma i gang med eit støttetilbod på institusjonen sin. Skisse til gjennomføring - Før workshopen Deltakarane vil bli bedne om å lesa ein eller fleire korte tekstar om temaet. - Innleiing om kuratering. Kort presentasjon. Kva går kuratering ut på? Kva er god praksis? Krav, føringar og oppfordringar frå finansiørar/institusjonar. Korleis skjer kuratering og publisering i DataverseNO? Korleis finn ein meir informasjon? (20 min.) - Praktiske øvingar. Gruppearbeid. Deltakarane blir delte inn i grupper. Kvar gruppe skal kuratera eitt autentisk datasett. Eksempla skal representera to ulike fagfelt og datatypar. Presentasjon av framgangsmåte og diskusjon av utfordringar i plenum. (40 min. til arbeid, 20 min. til oppsummering og diskusjon) - Oppsummering Kva har vi lært? Korleis har workshopen fungert? Korleis kjem vi gang på ordentleg? (10 min.)

Referansar

Ayrís, Paul, Isabel Bernal, Valentino Cavalli, Bertil Dorch, Jeannette Frey, Martin Hallik, Kristiina Hormia-Poutanen, mfl. 2018. «LIBER Open Science Roadmap». Zenodo. <https://doi.org/10.5281/zenodo.1303002>.

Conzett, Philipp, og Lene Østvand. 2018. «Støttetenester for forskingsdatahandtering på UiT Noregs arktiske universitet – erfaringar og forslag til beste praksis». *Nordic Journal of Information Literacy in Higher Education* 10 (1): 65–80.
<https://doi.org/10.15845/noril.v10i1.283>. DataverseNO – Dataverse Network Norway.
<https://dataverse.no/> og <https://info.dataverse.no>.